

MYRKDALEN FJELLANDSBY AS

Vurdering av om planen er omfatta av Forskrift om konsekvensutredninger

ADRESSE COWI AS
Magasinvegen 35
5705 VOSS
TLF +47 02694
WWW cowi.no

DETALJREGULERINGSPLAN FOR GANG/SYKKELVEG OG VA-anlegg,
MYRKDALEN

PLAN-ID: 2019005

OPPDRAGSNR.

DOKUMENTNR.

A130102

VERSJON

UTGIVELSESDATO

BESKRIVELSE

UTARBEIDET

KONTROLLERT

GODKJENT

1

15.04.2021

knhe

Føremålet med forskrifta er å sikra at omsynet til miljø og samfunn blir tatt i betraktning under førebuinga av planar og tiltak, og når det tas stilling til om og på kva vilkår planar eller tiltak kan gjennomførast.

Planlagt tiltak

Det skal regulerast for eit tilbod for mjuke trafikantar lags riksveg 13 Myrkdalsvegen i Voss kommune, mellom Myrkdalen bygdasenter og Myrkdalen fjellandsby. Tiltaket skal regulerast delvis som fortau, og delvis som gang- og sykkelveg.

Det er valt ein løysing som er relativt lite arealkrevjande og ved plassering av anlegg er det lagt vekt på at ein skal gjera minst mogleg terrenginngrep. Dagens veg vert liggjande som i dag, og fortau/gang- og sykkelveg skal etablerast inntil dagens vegkant. Vegens tverrsnitt vert auka med om lag 5-6 meter, samt naudsynt sideareal til murar, skjeringar og fyllingar, som vil variera langs med strekninga.

Utvidinga av veganlegget vil i hovudsak skje på sideareal til riksvegen, men det vil og verta naudsynt med noko inngrep i landbruksareal og i private bustadeigedomar.

Vurdering

Plankonsulent vurderer at ein detaljreguleringsplan for tiltaka som er skildra over ikkje utløyser krav til gjennomføring av ei konsekvensutgreiing etter forskrifta, då det er vurdert at tiltaket ikkje får vesentlege verknadar for miljø eller samfunn.

§ 6 seier kva planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding. § 6 er ikkje aktuell ettersom:

- Planen er ein detaljreguleringsplan, og vert difor ikkje omfatta av § 6 a).
- Tiltaket i planen går ikkje inn under Vedlegg I, og planen vert difor ikkje omfatta av § 6 b) og c).

§ 7 seier kva planar og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutgreiast, men ikkje ha melding. § 7 er ikkje aktuell ettersom:

- Planen skal ikkje handsamast etter energi-, vassressurs- eller vassdragsreguleringsloven, og er difor ikkje omfatta av § 7 a).
- Planen skal ikkje avgjerast av eit departement, og er difor ikkje omfatta av § 7 b).

§ 8 seier kva planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast om dei kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn. Planane og tiltaka som vert omfatta av § 8 skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknadar etter § 10. § 10 seier kva som er kriteria for vurderinga av om ein plan etter eit tiltak kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn. I tabellen på neste side har ein gått gjennom og vurdert tiltaket i høve punkta i § 10, ettersom tiltaket gjeld bygging av fortau og gang- og sykkelveg, og det dermed går inn under vedlegg II, punkt 10 e) i, "Bygging av veier".

Vurdering etter § 10: Kriterier for vurderingen av om en plan eller et tiltak kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn	
a) størrelse, planområde og utforming	Samla er tiltaket av noko storleik, men den samla konsekvensen er likevel vurdert til å vere liten. Strekninga er på om lag 3 kilometer, og areala kor det er behov for erverv er spreidd over stripar langs med eksisterande veg. Hovuddel av areal som vert beslaglagt ligg innanfor eigedomsteigar som knytt til eksisterande veg.
b) bruken av naturressurser, særlig arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressursar	Jfr. registreringar i Miljøstatus (Miljødirektoratet, per 09.03.2020) er det på store delar av strekkingen registrert fulldyrka jord att med eksisterande veg. Jordbruksareala går fleire stader innpå sideareal til veg (eigne eigedomsteigar). Inngrep i ulike jordbrukseigedomar vert kvar for seg av mindre karakter. Inngrepa si plassering i jordbruksareal vil vere i areala som ligg nærmast veganlegget, ettersom tiltaket gjeld ein utviding av eksisterande veganlegg. Inngrepa vil soleis ikkje avskjera jordbrukseigedomar og gjere større areal mindre egna for drift. Ein vurderer at tiltaket ikkje vil gje ein vesentleg verknad for bruken av naturressursar.
c) avfallsproduksjon og utslipp	Ikkje aktuelt.
d) risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer.	Ikkje aktuelt. Trafikktryggleik langs vegen blir betra.
Lokalisering og påvirkning på omgivelsene omfatter en vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med:	
a) verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven	Ikkje aktuelt. Jfr. søk i Naturbase (Miljødirektoratet, per 09.03.2020) er det ingen verneområde innanfor varslingsområdet. Ut over dette ligg varslingsområde i nedbørsfeltet til Vossovassdraget, som er omfatta av verneplan for Vossavassdraget, jfr. søk i REGINE (NVE, per 09.03.2020). Planarbeidet skal vurdere verknadene for naturmangfald, og det skal utarbeidast ein eigen rapport på temaet.
b) truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv	Ingen registreringar av trua artar langs strekninga jfr. søk i Artskart (Artsdatabasen, per 09.03.2020). Ingen registreringar av dei andre kategoriane som er lista opp jf. søk i Naturbase (Miljødirektoratet, per 09.03.2020).

c) statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.	Ikkje aktuelt.
d) større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet	Areala er i hovudsak sett av til LNF-område i kommunedelplan for Myrkdalen. Areala som må omdisponerast er avgrensa til areal langs eksisterande veg. Ein vurderer derfor at inngrepa har liten negativ påverknad. Ein vil i planarbeidet arbeida for at påverknadane for jordbruket vert minst mogeleg.
e) økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet	Ikkje aktuelt. Strekninga kryssar sidebekkar til Myrkdalselvi. Vassførekomstane er registrert med god økologisk og kjemisk tilstand, jfr. søk i Vann-nett (NVE, per 09.03.2020).
f) konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning	Ikkje aktuelt. Tiltaket legg ikkje opp til auka trafikk.
g) vesentlig forurensning eller klimagassutslipp	Ikkje aktuelt. Jfr. over.
h) risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom.	Fleire sidebekkar kryssar vegen og planområdet. Terrenget stig attmed veg. Flaum- og skredfare skal vurderast i planarbeidet, og avbøtande tiltak skal innarbeidast i planen dersom dette er naudsynt. Ein vurderer at eventuell risiko vert handtert og at punktet ikkje er utløyande.